



Lindås kommune  
plan- og miljøavdelinga

5914 ISDALSTØ

postmottak@lindas.kommune.no

31. januar 2018

### **Gnr. 137 Alver i Lindås kommune, bnr. 7 og 9. Regulering til bustadføreml.**

---

Ein viser til brev herifrå :

- datert 28. februar 2011, til Statens vegvesen, med kopi til Lindås kommune, der ein ber kommunen registrera brevet med vedlagt notat som eit innspel til arbeidet med revisjon av kommunedelplanen.
- datert 5. februar 2016, til kommunen, om detaljplanlegging og oppstartsmøte, med vedlagte skisser
- datert 28. oktober 2016, til kommunen, om kommunedelplanen og ny Alversundbru, med vedlagt notat, og anmodning om møte for å drøfta saka.

Etter det ein forstår er stoda no slik :

- kommunedelplan KAA (Knarvik-Alversund med Alverstraumen) skal også avklara plasseringa av ny Alversundbru
- kommunedelplanen er med dette utvida både i rom og kompleksitet, og planprosessen vil verta tidkrevande
- ny Alversundbru etter Alternativ Sør er ikkje aktuell
- kommunen vil akseptera oppstart av ukompliserte plansaker innafor kommunedelplanområdet parallelt med kommunedelplanprosessen.

Når ny Alversundbru etter Alternativ Sør ikkje er aktuell, skulle dei ytre rammevilkåra for bustadprosjektet på bnr. 7 og 9 vera klårlagde for så vidt gjeld tilhøvet til fylkesvegen.

Ein vil be kommunen kalla inn til førehandskonferanse / oppstartsmøte for å drøfta opplegget for vidare arbeid, herunder om prosjektet kan handterast etter pbl §12-15, dvs. parallell handsaming av rammesøknad og tilhøyrande plansak, med felles nabovarsel.

Med helsing

Kopi : Nils Jarle Skare <n-jarle@byggmesterskare.no>